



## Møteinnkalling

**Utval:** SOGN REGIONRÅD  
**Møtestad:** Kviknes Hotel, Balestrand  
**Møtedato:** 25.10.2013 **Tid:** 0930

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

### Dagsorden

- 0930 Høyanger kommune vurderer deltaking i Sogn regionråd
- 1015 Møte i Sogn regionråd
- Ordførar Harald Offerdal ønskjer velkomen
- Oppmøte
- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av møteprotokoll frå møte 13.9.2013
- Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1230 Lunsj
- 1315 «System for styrka læring» ved programleiar Claus Røynesdal og rådmann Steinar Sjøgaard
- 1430 Vel heim!

## Sakliste

| Saksnr. | Arkivsaksnr. | Tittel                                                                          |
|---------|--------------|---------------------------------------------------------------------------------|
| 22/13   | 13/3372-2    | <b>Analyse av bustadmarknaden</b>                                               |
| 23/13   | 13/3095-6    | <b>Tilsetjing av utviklingsrettleiar for ungdomsskulane i Sogn</b>              |
| 24/13   | 13/3399-3    | <b>Regionalt nettverk for ungdomsarbeidarar</b>                                 |
| 25/13   | 13/2643-3    | <b>Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd</b> |
| 26/13   | 13/2755-2    | <b>Meirverdiavgiftkompensasjon</b>                                              |
| 27/13   | 08/2693-7    | <b>Justering av avtale mellom Sogn regionråd og Sogndal kommune</b>             |
| 28/13   | 13/3465-1    | <b>Møteplan for 2014</b>                                                        |
| 29/13   | 13/266-11    | <b>Orienteringssaker</b>                                                        |

Sogndal, 11. oktober 2013

Noralv Distad  
leiar

Karina Nerland  
dagleg leiar

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 13/3372

---

Arkiv: L71 &amp;31

**Saksnr.:** Utval  
22/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
25.10.2013

**Sak** 22/13

### **Analyse av bustadmarknaden**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd set av kr 230 000 av regionale utviklingsmidlar i 2014 til ein analyse av bustadmarknaden.

#### **Saksutgreiing:**

##### **Bakgrunn:**

Eitt av tiltaka i tiltaksplanen for 2013-2014 er at rådet skal vurdera om det skal lagast ein bustadanalyse. Utgreiinga beskriv i korte trekk kva ein analyse kan innehalde og administrasjonen si vurdering av ein analyse.

Det kan gjerast ein todelt analyse: kommunal analyse og regional analyse.

Kommunal analyse: Det er ønskeleg at analysen beskriv kommunal bustadmasse, tomtesituasjonen og planar framover, folketals- og sysselsetjingutvikling, leigemarknaden og korleis kommunal og anna innsats påverkar bustadmarknaden. Analysen bør få fram utfordringar og moglegheiter for å tilretteleggja for eit godt fungerande bustadmarknad, og gjerne dei gode historiane om korleis det vert jobba på desse felta og kva erfaringar kommunane har. Ulike bustadutfordringar krev ulike løysingar.

Regional analyse: Analysen bør også sjå regionen under eitt og drøfta regionale drivkrefter som kan påverka bustadmarknaden i regionen. Det vil vera interessant med samanlikning imellom kommunane for å få fram fellestrekk og ulikskapar, og korleis ulike løysingar får ulike resultat i kommunane.

Målgruppa for analysen vil først og fremst vera regionråds kommunane, samarbeidspartar og støttespelarar i bustadpolitikk og bustadutvikling.

##### **Vurdering:**

Sogn regionråd har som mål å få auka folketal. Kommunar som tilrettelegg for flytting vil truleg ha størst sjanse for å få folketalsvekst. I dette arbeidet kan det oppstå ein konkurransesituasjon mellom kommunane og då er det viktig å finna tiltak kor kommunane kan samarbeida.

Hardangerrådet har gode erfaringar med analysen dei fekk laga, jf presentasjon i rådsmøte i februar 2013. Dei hadde eit anna utgangspunkt med samarbeidsprosjektet «Flytt til Hardanger», og at dei i arbeidet med dette prosjektet kom fram til at tilgang på bustader og tilrettelegging på bustadmarknaden er kritisk punkt for å få til tilflytting.

Sjølv om Sogn regionråd ikkje har tilsvarande flytteprosjekt er administrasjonen si vurdering at det kan vera nyttig for kommunane og regionrådet å få eit betre kunnskapsgrunnlag om bustadmarknaden. Analysen vil gje felles kunnskap både om bustadmarknaden i kvar kommune og korleis regionale prosessar påverkar regionen sin bustadmarknad. Sogneregionen består av små og mellomstore distriktskommunar. I byar og pressområde vil tilhøvet mellom tilbod og etterspørsel i stor grad kunne regulera seg sjølv og arbeidet avgrensar seg til boligsosialt arbeid. I typiske distriktskommunar kan det vera behov for at kommunane engasjerer seg på ein meir aktiv måte, også i samarbeid med næringslivet. Analysen vil gje kommunane kunnskap om bustadmarknaden som kan brukast i vidare utviklingsarbeid i kvar kommune eller i samarbeid mellom kommunane.

**Oppsummering:**

Analysen vil ta for seg bustadmarknaden i kommunane, og sjå denne marknaden i samanheng med endringar i folketal- og sysselsetjingsutvikling. Analysen vil få fram kommunane sine utfordringar i å tilretteleggja for eit godt fungerande bustadmarknad og det blir gjort samanlikningar på tvers av kommunane for å få fram fellestrekk og ulikskapar.

Aktuell kostnadsramme for analysen er kr 230 000 ekskl. mva. Om rådet vedtek å setja av midlar til analysen, vil oppdraget bli tildelt etter ein anbudsrunde. Vi vil tru analysearbeidet kan starta på slutten av 2013 ev byrjinga av 2014.

Næringsutviklings-/RUP-gruppa diskuterte saka på telefonmøte 4. oktober. Det kom innspel om at leigemarknaden utover hybeltilbodet bør vera med. Næringsutviklings-/RUP-gruppa tilrår at rådet set av midlar til ein slik analyse.

Sogn regionråd

Saksh.: Claus Røynesdal  
 Arkivsak: 13/3095

Arkiv: A20

**Saksnr.:** Utval  
 23/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
 25.10.2013

**Sak** 23/13

### Tilsetjing av utviklingsrettleiar for ungdomsskulane i Sogn

#### Tilråding:

1. Sogn regionråd vedtek å gå til utlysing av ein regional stilling som utviklingsrettleiar for ungdomsskulane i Sogn. Utlysings- og tilsettingsprosessen skal koordinerast med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, KS og dei tre andre skuleregionane i fylket.
2. Ein av dei åtte kommunane i regionrådet vil stå som arbeidsgjevar for stillinga, avhengig av kvar søkjar bur/ønskjer å bu og i dialog med aktuell kommune.
3. Sogn regionråd vedtek å dekkje 25% stilling, slik at utviklingsrettleiaren blir ei 100% stilling. Finansieringa av stillinga i perioden januar 2014 til desember 2017 vil skje innanfor rammene av eksisterande budsjett i Sogn regionråd. Budsjettposten "Fagnettverk" dekkjer stillinga.

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn

Frå 01.01.2014 og fram til og med 31.12.2017 vil Utdanningsdirektoratet finansiere 50 stillingar på landsbasis som utviklingsrettleiarar for ungdomsskulane. Tre av desse stillingane er øyremerka Sogn og Fjordane. Utviklingsrettleiarane skal tilsetjast for fire år og ha eit kommunalt tilsetjingsforhold. Samstundes skal stillingane vere ein felles ressurs for alle dei 26 kommunane og 45 ungdomsskulane, i tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Utdanningsdirektøren og KS hadde møte med dei skulefagleg ansvarlege på Skei den 03.09.2013. Representantane frå dei fire barnehage- og skuleregionane i fylket gav klår tilbakemelding om at kommunane vil ha desse stillingane fordelte på fire personar, ei stilling til kvar region. Målet er å finansiere opp frå 75% til 100% stilling i kvar region. Det er om å gjere at arbeidstida blir brukt ute i dialog og samhandling på skulane, og ikkje til reise. Utviklingsrettleiaren må vere geografisk nær og tett på skulane i Sogn. Stillinga må bli samkøyrta med den skuleutviklinga regionen allereie har frå før.

Hovudelementa i ungdomstrinnsatsinga er: Felles satsing på klasseleiing, rekning, skriving og lesing. Vurdering for læring og organisasjonslæring ligg i botn, der skulebasert kompetanseutvikling blir eitt av dei viktigaste tiltaka. Skulebasert kompetanseutvikling vil seie at skuleleiinga og alle tilsette deltek i ein utviklingsprosess på eigen arbeidsplass der

målet er å utvikle samla kunnskap, haldning og ferdigheit. Vi skal bli endå betre på læring, undervisning og samarbeid. Det gjeld for alle skulane.

Stillingane som utviklingsretteleiar for ungdomsskulane er ein del av den nasjonale satsinga på ungdomstrinnet. Denne satsinga gjeld for perioden 2014 – 2017. Det er Utdanningsdirektoratet (UDIR) som finansierer dei 50 stillingane. I skriv frå Utdanningsdirektøren heiter det at utviklingsretteleiarane skal:

- Vere kommunale stillingar som skal styrke kapasiteten i kommunane og støtte skulane
- Tilby støtte og rettleiing til skuleeigar og skuleleiarar
- Delta på eigne samlingar som del av kompetanseutvikling i regi av UDIR
- Bidra til å utvikle skulane som lærande organisasjonar
- Analysere skulens kompetanse- og utviklingsbehov
- Etablere gode arenaer for kompetanse- og erfaringsdeling på og mellom skular
- Bruke tilgjengeleg støtte- og rettleiingsmateriell
- Leggje til rette for arbeid i lokale nettverk
- Ha god dialog med Høgskulen i Sogn og Fjordane for å sikre felles retning i rettleiingsarbeidet
- Bør ha kompetanse som rettleiarane i det nasjonale rettleiarkorpset

### **Kommunane i Sogn og ”System for styrka læring”**

Etter seks år med prosjektet ”Sats på skulen – snu Sogn” vedtok kommunane i juni 2012 eit permanent program for barnehage- og skuleutvikling i dei åtte kommunane; ”System for styrka læring”. Dei tre hovudmåla er 1. Styrka tilpassa opplæring, 2. Auka læringsutbytte for alle, og 3. Redusert bruk av spesialundervisning. Vi har sju strategiområde for satsinga: 1. Vurdering for læring, 2. Styrka tilpassa opplæring, 3. Systemisk utvikling/ lærande organisasjon (frå barnehage til u-skule), 4. Entreprenørskap, 5. Psykisk helse, 6. Tidleg innsats og 7. Fleirfagleg integrert læring.

Satsinga frå UDIR passar ”hand i handske” med den regionale satsinga. Her er det om å gjere å styrke dei pågåande satsingane. I region Sogn har vi sidan 1999 etablert og utvikla regionale møtearena og utviklingsforum. Vi har:

- Fagnettverk for barnehage (7 stk) og grunn- og vidaregåande skule (21 stk)
- Styrarnettverk for dei 42 barnehagane i Sogn
- Rektornettverk for alle dei 29 grunnskulane og vidaregåande skulane i Sogn
- Barnehage- og skuleregion Sogn (skulefagleg ansvarlege/ kommunalsjefane)
- Programstyret i ”System for styrka læring” og tilsett programleiar i 100% stilling

Den som blir tilsett som utviklingsretteleiar i region Sogn må delta både på samlingane til UDIR og fylkesvise samlingar med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det er viktig at dei fire utviklingsretteleiarane i Sogn og Fjordane får eit godt og utfyllande samarbeid, til beste for dei 45 ungdomsskulane i fylket.

For kommunane i Sogn er det viktig at denne stillinga fungerer i eit nært og forpliktande samarbeid med dei nettverka og møteplassane som er etablerte i regionen.

Utviklingsretteleiarane for dei 12 ungdomsskulane i Sogn må gå inn i ”troppen” på vårt eksisterande lag. Dei fire utviklingsretteleiarane kan ikkje bli eit ”eige” lag som kjem i tillegg. Dette handlar om å koordinere, optimalisere og få til eit tett og forpliktande samarbeid med

dei åtte skulefagleg ansvarlege og rektorane på dei 12 ungdomsskulane i Sogn. Det er der – på skulane – at rettleiinga skal skje. Denne innsatsen må vi koordinere gjennom rektornettverket, barnehage- og skuleregion Sogn og ”System for styrka læring”.

### Saksprosess

På møtet med fylkesmannen den 3. september vart organisering diskutert med kommunane. Fylkesmannen bad om ei attendemelding frå kommunane innan 1.10 om korleis vi ser føre oss organiseringa. Sogn regionråd sendte ei førebels orientering til fylkesmannen 11.09, og peikte på ei regional løysing som kunne verte vedteke i Sogn regionråd 25.10.2013.

Programleiar sendte ut eit notat om stillinga den 23.09. Dei skulefagleg ansvarlege og administrasjonen i regionrådet hadde dialog på mail fram til 30.09. Ulike synspunkt vart drøfta på mail. I telefonmøte med dei skulefagleg ansvarlege den 30.09 vart det semje om korleis stillinga bør organiserast, samt korleis stillinga bør finansierast. Stillinga bør finansierast innanfor gjeldande budsjetttramme. Vi bør omdisponere eksisterande midlar, utan ekstra kostnader for kommunane. Det er semje hjå dei skulefaglege ansvarlege om denne organiseringa. Fleire av kommunane melder også at dei kan stå som vertskap for denne stillinga. Saka er sendt til rådmannsgruppa for eventuelle innspel/vurderingar som vil bli formidla i møtet.

### Økonomi, ressursar og fagnettverka

Fordelt på fire stillingar i fylket vil midlane frå UDIR årleg utgjera kr 709 500 for kvar stilling for 2014-2017, jf vedlegg.

Kommunane i Sogn betalar ein årleg kontingent til Sogn regionråd på kr 3,5 mill. I dette beløpet ligg mellom anna programleiar i ”System for styrka læring”, samt midlar til fagnettverka for skule. (Fagnettverk barnehage vert finansiert av kompetanseutviklingsmidlar frå staten/ fylkesmann, samt ekstra utviklingsmidlar. Totalt tilskot på kr 315 000 for barnehageåret 2013 – 2014).

I perioden med innføring av ny læreplan L-06, fekk kommunane særskilte utviklingsmidlar. Nokre av desse vart brukt til å dekkje fagnettverka. No finansierast fagnettverka gjennom kontingentmidlane. Vi har 400 000 på budsjettposten som dekkjer fagnettverk og leiar av barnehage- og skuleregion Sogn (120 000 kr). Ved å omdisponere 280 000 kr av desse midlane, kan vi finansiere ei 25% stilling. På den måten vil vi få ein heil stilling i Sogn.

Vi har 29 skular i Sogn. Tre av desse er ”reine” ungdomsskular; Kvåle, Leikanger og Luster. Vi har ni 1–10 skular; Tangen, Farnes, Aurland barne- og ungdomsskule, Lærdalsøyri, Hafslø barne og ungdomsskule, Kaupanger skule, Flatbygdi skule, Feios skule og Sagatun skule. Resten er barneskular. 12 av skulane vil altså få direkte tilgang til utviklingsrettleiaren. Spørsmålet frå dei ”reine” barneskulane var: Mister vi no eit tilbod om fagnettverk for barneskulane, sidan alle midlane vert brukte til å finansiere stillinga. Til det er svaret nei. Det er tre grunnar til det:

1. Programleiar i ”System for styrka læring” er tilsett i UDIR, og frikjøpt i 20% stilling i 18 mnd. Desse midlane kan bli brukt til å leige inn eksterne føredragshaldarar til

fagnettverka, når det er trong for det. Midlane ligg innanfor ramma, og kan disponerast slik.

2. Prosenten på 25% som vi finansierer opp, kan også brukast på fagnettverka på barneskulane. Det ligg til utviklingsretteleiarer å sjå kvalitetsutvikling i heile grunnskuleperspektivet.
3. Ekstra innsats og ressursar frå Statped Vest.

Statped Vest deltek no i det nye programstyret frå 2013. Den 13.09.2013 signerte Sogn regionråd ein systemavtale med Statped Vest. For dei neste tre åra vil dei gå inn med 1,5 årsverk i programmet "System for styrka læring". Innsatsen frå Statped Vest kan reknast til om lag 4 millionar for desse tre åra. Denne ressursen skal vi mellom anna nytte i fagnettverka, satsing på ungdomsskulane – og barneskulane. Barneskulane er like viktige. Med programleiar, fagtilsette i Statped Vest og utviklingsretteleiar vil vi byggje opp eit slagkraftig regionalt team. Eit team som er styrt av dei skulefagleg ansvarlege og rektorane i Sogn. Desse aktørane kan i stor grad "erstatte" eksterne aktørar i fagnettverka, og koordinere tiltak i høve lokale og regionale mål og utviklingsplanar. Statped kjem inn med denne ressursen av di vi har ei regional satsing som arbeider for dei nasjonale måla på dette området. Eigendelen til regionrådet og kommunane i Sogn er den innsatsen vi allereie ligg i programmet og kontingentmidlane. Vi "får" fordi vi har eit forpliktande regionalt utviklingsprogram. Desse ressursane er det ingen andre regionar i fylket som får.

Vi skal halde fram med fagnettverka. Vi skal styrke dei, og "profesjonalisere" desse. Dugnad er bra, men det har også svakheiter som det vart peika på i evalueringsrapporten frå NTNU ved Trond Buland. Rektorar og lærarar som er nettverksansvarlege gjer ein god jobb kvar for seg. Men vi må styrke samhandlinga, og samanhangen mellom aktiviteten i fagnettverka og måla vi skal nå i programmet "System for styrka læring". Det er trong for å sjå ein sterkare samanhang mellom aktivitetane i fagnettverka og skulane og kommunane sine utviklingsplanar. I større grad må fagnettverka vere *den* arenaen skulane brukar for å skape, dele og bruke ny kunnskap.

*Kjerneaksen* i "System for styrka læring" er systemisk utvikling, tilpassa opplæring og vurdering for læring. Det er her vi må ha hovudinnsatsområda skal alle elevane få auka læringsutbytte, samstundes som vi reduserer omfanget av einskildvedtak til spesialundervisning. Innsatsen i kjerneaksen må skje i alle fag, på alle skular. Då er fagnettverka eitt av grepa våre i Sogn. Måla for både ungdomstrinnsatsinga og "System for styrka læring" er jo nettopp å auke læringsutbytte for alle. Den store utfordringa er å koordinere tiltaka. Det vil vi få til gjennom lokalt eigarskap og regional samhandling i Sogn.



Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland  
 Arkivsak: 13/3399

Arkiv: C10

**Saksnr.:** Utval  
 24/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
 25.10.2013

**Sak** 24/13

## Regionalt nettverk for ungdomsarbeidarar

### Tilråding:

Sogn regionråd set av kr 100 000 av regionale utviklingsmidlar i 2013 til det regionale ungdomsnettverket sine aktivitetar i perioden 2013-2016 slik det ligg føre i endra budsjett.

### Vedlegg:

Aktivitetsplan for regionalt nettverk for ungdomsarbeidarar i Sogn 2013-2014

### Saksutgreiing:

### Bakgrunn

Nettverk for ungdomsarbeidarar vart etablert i 2005. Mandat for nettverket og retningslinjer for samansetjing av gruppa vart godkjent av rådmannsgruppa i 2005.

Regionrådet sette av kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar i 2004 og 2005 til aktivitetar for ungdom. Ungdomsnettverket har disponert midlane og unytta midlar har vore avsette på fond. Det står no igjen kr 20 610 på fondet for Ungdom og rådet må vurdere vidare finansiering av nettverket.

Overordna mål med nettverksarbeidet er:

- erfaringsutveksling og kompetanseheving for ungdomsarbeidarar
- nettverket skal spesielt arbeida for å styrka kommunane sitt førebyggjande arbeid
- nettverket skal vera prosjektgruppe i utvalde prosjekt.

Nettverket skal ha som mål å både styrka motivasjonen og auka kunnskap blant dei som arbeider med ungdom i kommunane. Nettverket lagar ein toårig aktivitetsplan med mål og hovudaktivitetar. Hovudaktivitetane i perioden 2013-2014 er:

- arrangera årlege samlingar for dei som arbeider med born og unge i kommunane
- halda fokus på hybellivet /pendling
- erfaringsutveksling mellom medlemmar i nettverket.

Nettverket planlegg og gjennomfører samlingar som inneheld ein kursdel. Deltakarar er ungdomsarbeidarar.

Tema for nettverksamlingar har sidan oppstart vore:

- «Ungdom og medverknad» og «vaksenrolle og verdiar»
- «Å vera rollemodell og førebilete for ungdom» og «samarbeid»

- «Rusførebyggande ungdoms- /foreldrearbeid (Örebro førebyggingsprogram)», deltakarar var skuleleiing, SLT politiråd, FAU og ungdomsarbeidarar
- «Bredablikk-undersøkinga», ei undersøking blant barn og unge i regi av fylkeskommunen. Nettverket drøfta korleis dei sjølve kan bruka dette som verktøy.

Nettverket planlegg ei samling for ungdomsarbeidarar i løpet av våren 2014. Tema vil vera å utfordra ungdommen sjølv til å engasjera seg i si eiga fritid.

Nettverket har delteke på fagmøte /kurs:

- «Førebyggande arbeid»
- «Førebyggjande samarbeid mot rus og ungdomskriminalitet»
- «Møte med Bergensklinikkane i Bergen»
- «Unge i risikozonen»

Nettverket samarbeider om aktivitetar og tiltak for hybelungdom og deltek til dømes på informasjonsmøte for 10. klassingar der tema er hybellivet og korleis trivast betre.

Ungdomsnettverket diskuterte i møtet 26. september kva som fungerer, kva som ikkje blir vidareført, kva som ikkje blir praktisert godt nok og kva som trengst for å møte utfordringane framover. Kort oppsummert:

- Ungdomsarbeidarane har stort behov for å utveksla erfaringar og drøfta tema seg imellom. Midlane som rådet har sett av har gjort det mogleg å delta på fagsamlingar og få til temasamlingar i regionen. På desse temasamlingane deltek mange (ungdomsarbeidarar, tilsette i skulane, miljøarbeidarar, frivillige mv) og deler same kunnskap.
- Nettverket har tilpassa omfanget av aktivitetar /tiltak i planen til eit realistisk nivå.
- Rusundersøking er nemnt som eit konkret tiltak som vart gjort i 1999 og som bør gjerast igjen. Det er behov for å avklara finansiering og samordning vidare, og vil bli teke opp som eiga sak seinare.
- Det er viktig for nettverket sitt arbeid at det er god deltaking og at deltakarar ikkje uteblir over tid. Ungdomsarbeidarar gjer meir enn å driva ungdomsklubbar, mykje handlar om haldningsskapande arbeid utanfor ungdomsklubben. Fellesmidlar frå rådet vil bidra til kompetanseheving for nettverket og at det vert fagsamlingar i regionen som når mange.

Saka er lagt fram for rådmannsgruppa for ev. innspel/merknader som vil bli formidla i møtet.

Administrasjonen tilrår at nettverket får midlar til aktivitetar for kompetanseheving. Tilbakemeldingane frå ungdomsarbeidarane er at dei har stor nytte av det regionale nettverket. Midlane vil gjera det mogleg for ungdomsarbeidarane å delta på fagsamlingar og arrangera samlingar i regionen som når mange. Sogn regionråd har kr 421 000 i regionale utviklingsmidlar som «frie midlar», jf sak 16/13 den 21. juni om revidert budsjett. Administrasjonen tilrår at rådet set av kr 100 000 av desse midlane i 2013 som ungdomsnettverket kan disponera til 2016.

### Framlegg til endra budsjett for 2013:

|                                              | Budsjett 2013 | Rev. budsjett 2013 |
|----------------------------------------------|---------------|--------------------|
| <b>7550 RUP (regionale utviklingsmidlar)</b> |               |                    |
| 14900 Avsetjing til seinare fordeling        | 421 000       | 321 000            |
| <b>7557 Ungdom</b>                           |               |                    |
| 11500 Kurs og konferansar                    | 20 000        | 120 000            |

## Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 13/2643

---

Arkiv: 026 &amp;01

**Saksnr.:** Utval  
25/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
25.10.2013

**Sak** 25/13

**Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2013-2014 slik den ligg føre.

**Vedlegg:**

Framlegg til samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd for 2013-2014.

**Saksutgreiing:**

**Bakgrunn:**

Sogn regionråd har dei siste åra inngått samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune om gjennomføring og finansiering av regionale utviklingsprosjekt. Tiltaksplanen for 2013-2014 vedtok regionrådet i juni og det er grunnen til at samarbeidsavtalen har måttet vente til no.

Hovudutval for plan og næring har løyvd kr 2,4 mill. til regionråda for 2013. I tillegg til regionale utviklingsmidlar på kr 550 000 for 2013, som fylkeskommunen har overført til Sogn regionråd, har vi søkt om eit auka årleg tilskot med kr 200 000 for 2013 og 2014.

Fylkeskommunen ønskjer sterkare dialog med regionråda om samarbeidsavtalen. Næringsutviklings-/RUP-gruppa møtte representantar frå fylkeskommunen ved plan og samfunnsavdelinga 3. september. Fylkeskommunen ønskjer at avtalane skal bli eit viktig verktøy for å styra dei regionale utviklingsmidlane inn mot å nå prioriterte mål for fylket. Samstundes ønskjer dei at kommunane får større styring med regionale utviklingsmidlar.


**Vurdering:**

Det er positivt at fylkeskommunen ønskjer meir dialog om avtalen. Vi har høgt ambisjons- og gjennomføringsnivå i Sogn. Sogn regionråd har hatt ein omfattande prosess og brei deltaking frå kommunane i arbeidet med regionalplanen. Aktørane formulerte mål, strategiar og tiltak og den regionale analysen frå Telemarksforskning vart brukt i planarbeidet. Strategiplanen har vore på høyring hos kommunestyra og eksterne partar.

Kommunane i Sogn regionråd har felles mål og strategiar for det regionale utviklingsarbeidet. Våre tre satsingsområde i regionalplanen er næringsutvikling, samferdsle og helse. Etter

administrasjonen si vurdering samanfallar regionrådet sine strategiar og tiltak med fylkeskommunen sine prioriteringar for regional utvikling. Samarbeidsavtale peikar ut satsingsområde og tiltak som partane forpliktar seg til å gjennomføra og finansiera i løpet av perioden.

Framlegg til samarbeidsavtale har vore drøfta med fylkeskommunen ved plan og samfunnsavdelinga og er godkjent frå fylkeskommunen. Søknaden vår om auka årleg tilskot vil bli handsama i hovudutval for plan og næring i møtet 26.11.



## **Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd**

### **Gjennomføring av regionalt utviklingsprogram for 2013 og 2014**

#### **1. Mål**

Denne avtalen regulerer samarbeidet mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd på vegne av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Avtalen samordnar planlegging, strategiar, tiltak og gjennomføring av eit regionalt utviklingsprogram for perioden 2013-2014.

Innanfor ramma til Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2013-2017 og regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016, skal samarbeidsavtalen peike ut satsingsområde og tiltak i regionen.

Kommunane har gjennom regionalplanen for Sogn regionråd definert satsingsområde, mål og strategiar som skal vere grunnlaget for samarbeid i regionen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd forpliktar seg til å samarbeide om gjennomføring og finansiering av konkrete program og tiltak slik det går fram av denne avtalen.

#### **2. Prosess**

Sogn regionråd har vedteke strategiplan for perioden 2013 – 2016 (del 1) og tiltaksplan for 2013-2014 (del 2).

Kommunane i Sogn regionråd har felles mål og strategiar for det regionale utviklingsarbeid. Sogn regionråd vil arbeida vidare med utvikling av partnerskap for regional utvikling i samsvar med dei tre satsingsområda i regionalplanen for 2013-2016: 1) næringsutvikling, 2) samferdsle og 3) helse.

Begge partar kan ta initiativ til å etablere nye prosjekt og definere nye felles satsingsområde.

#### **3. Innhald i avtalen for 2013-2014**

Hovudmåla for Sogn regionråd er auka folketal og styrka næringsutvikling for regionen.

Sogn regionråd sine felles mål, strategiar og tiltak skal vere grunnlaget for samarbeidet om ei god nærings- og samfunnsutvikling i regionen.

Strategiar og prioriterte tiltak vil bli gjennomført i samsvar med Sogn regionråd sin tiltaksplan for 2013-2014, jf vedlegg, og mange av tiltaka er starta opp, og vert oppsummert slik:

- Byggja nettverk og samhandlingsarenaer, styrka samarbeid med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar, og skapa oppslutnad om felles regionale utviklingsprosessar
- Vidareutvikla det regionale barnehage- og skulesamarbeidet, vidare satsing på entreprenørskap i skulen med entreprenørskapsmesser og kompetanseheving for lærarar
- Rekruttera arbeidskraft til regionen
- Utvikla statlege og fylkeskommunale verksemder og støtta opp om vidare teknologiutvikling i industrien
- Utvikla Sogn som heilårsreisemål og bidra til den felles reiselivssatsinga i Sogn
- Arbeida for god infrastruktur i og utav regionen og styrka regionen sine samferdselsinteresser (rullebaneforlenging, flyruter, vegutbetringar, hyppige ferjeavgangar, pendlartilbod mv).

Nye tiltak som Sogn regionråd startar opp i 2013-2014 er:

- Felles møte i formannskapa for å styrka Sogn som region og fremja samarbeid på tvers av kommunegrenser
- Forum for nye og etablerte bedriftsskaparar
- Gründerfestival /samling i tilknytning til Aurlandskonferansen
- Invitera aktørar til å orientera om aktuelle private og offentlege finanseringskjelder for bedriftsetableringar
- Bidra med midlar til ein produkt- og marknadsanalyse for heilårsturisme
- Styrka tilbodet for lærlingeplassar i kommunale og private verksemder
- Analyse for bustadmarknaden

#### **4. Budsjett**

Sogn regionråd bidreg med kr 2,8 mill kvart år i eigne midlar som går til utviklingsretta arbeid og prosjektkoordinering/-leiing. I tillegg kjem eigeninnsats i prosjekt og utviklingstiltak. Løyvinga frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er kr 550 000 pr år. Sogn regionråd har søkt fylkeskommunen om auka årleg tilskot med kr 200 000 for 2013 og 2014.

Fylkeskommunen kan stilla med nøkkelpersonell etter nærare avtale.

Sogn regionråd forpliktar seg til å planleggja, organisera og gjennomføra tiltaka slik det er nedfelt i avtalen.

#### **5. Profilerings**

Partane skal synleggjere at aktiviteten som er omfatta av denne avtalen er ei felles satsing frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd.

#### **6. Deltaking**

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek som observatør i møta i Sogn regionråd med fast representant frå administrasjonen. Politisk og administrativ leiing deltek i aktuelle saker.

### **7. Rapportering og evaluering**

Sogn regionråd skal sende årsrapport for 2013 til fylkeskommunen innan 15. februar 2014 og for 2014 innan 15. februar 2015. Alle tiltak som vert sett i verk i regi av utviklingsprogrammet skal sluttrapporterast /evaluerast. Sluttrapportar skal leggjast ved årsrapporten.

### **8. Utbetaling**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gitt tilskot med kr 550 000 for 2013 og beløpet er overført. Sogn regionråd har søkt fylkeskommunen om auka årleg tilskot med kr 200 000 for 2013 og 2014. Utbetaling for 2014 skjer når årsrapport for 2013 er handsama hos fylkeskommunen.

### **9. Tvistar**

Usekje som relaterer seg til administrasjon og koordinering vert å løyse på leiarnivå i samarbeidsorganisasjonane.

Leikanger  
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Aurland  
Sogn regionråd

Svein Arne Hoff  
fylkesdirektør

Noralv Distad  
leiar

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 13/2755

---

Arkiv: 223

**Saksnr.:** Utval  
26/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
25.10.2013

**Sak** 26/13

### **Meirverdiavgiftkompensasjon**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek at følgjande setning går ut i avtalen med Sogndal kommune:  
«Meirverdiavgiftkompensasjon som er ført på Sogn regionråd sitt ansvar går til Sogndal kommune».

Sogn regionråd ber Sogndal kommune tilbakeføra innbetalt meirverdiavgiftkompensasjon for perioden 2007-2012 med kr 845 647,-.

#### **Vedlegg:**

Avtale mellom Sogn regionråd og Sogndal kommune om drift av sekretariatet for Sogn regionråd

#### **Saksutgreiing:**

Sogn regionråd er eit samarbeid etter § 27 i kommunelova og får derfor refundert momskompensasjon. I avtalen mellom Sogn regionråd og Sogndal kommune om drift av sekretariatet for Sogn regionråd heiter det at «Meirverdiavgiftkompensasjonen som er ført på Sogn regionråd sitt ansvar går til Sogndal kommune». Avtalen gjeld frå 1.1.2010. Denne formuleringa var ei vidareføring frå avtalen for perioden 2006-2009.

Mva-kompensasjonen har vore ført på regionrådet og deretter overført til Sogndal kommune ved årsslutt. Meirverdiavgifta har derfor vore ein utgift for regionrådet. Rekneskapen for Sogn regionråd inngår som eige ansvar i Sogndal kommune sitt rekneskap. Grunngevinga for ordninga med å overføra mva-kompensasjonen til Sogndal kommune har vore at Sogndal kommune får redusert rammetilskotet.

I samband med søknad til fylkeskommunen om midlar og tilbakemelding frå SF Revisjon, vart det stilt spørsmål om rammetilskotet blir påverka av meirverdiavgiftkompensasjonen.

Vi har via fylkesmannen fått følgjande tilbakemelding frå KRD:

«Mva-kompensasjonen er en ren refusjon/inntekt for kommunen og påvirker ikke hva den enkelte kommune får i rammetilskudd.



I 2004 ble det gjort et engangstrekk for sektoren samlet. Den gang var det en femårig overgangsordning ved endringer i inntektssystemet. På kort sikt ble trekket opprinnelig fordelt på den enkelte kommune ut fra hva en forventet den ville få i kompensasjon (ut fra sjablongmessige mva-andeler på de enkelte utgiftsartene), og etter en justering i løpet av 2005: hva de faktisk fikk i 2004.

Gjennom overgangsperioden ble det lagt stadig mindre vekt på det kortsiktige trekket (hhv. 80, 60, 40, 20 pst.) og stadig mer vekt på inntektssystemets kriterier (20, 40, 60, 80 pst.). Etter at overgangsperioden var over, dvs. f.o.m. 2008, er det kun de ordinære kriteriene i inntektssystemet som har hatt betydning.»

KRD viser til at mva-kompensasjonen ikkje lenger påvirker rammetilskotet. Det var overgangsordningar fram til 2007, og frå 2008 var mva-kompensasjon ikkje lenger kriterie som påverka rammetilskotet. Ordninga var opphøyrte når avtalen mellom Sogn regionråd og Sogndal kommune vart inngått frå 2010.

Avtalen med Sogndal kommune bør endrast slik at mva-kompensasjonen ikkje vert overført til Sogndal kommune.

Sogn regionråd har overført kr 597 918,- til Sogndal kommune for åra 2010-2012. Det var overføring åra før etter førre avtale med kr 258 894,- for 2007-2009.

Administrasjonen si vurdering er at dette bør rettast opp dvs. at Sogn regionråd får tilbakeført mva-kompensasjon frå Sogndal kommune. Saka vart lagt fram og drøfta i sist møte i rådmannsgruppa. Rådmannsgruppa slutta seg til at Sogn regionråd ber Sogndal kommune tilbakeføra mva-kompensasjonen.

På grunn av overgangsordning for 2007 blir det lagt til grunn at Sogn regionråd får tilbakeført 80% av mva-kompensasjonen for dette året. Beløpet for perioden 2007-2009 blir kr 247 729,-.

Totalt er det kr 845 647,- som administrasjonen rår til at Sogn regionråd ber om å få tilbakeført frå Sogndal kommune.

Sogn regionråd

---

Saksh.: Noralv Distad  
Arkivsak: 08/2693

---

Arkiv: 026 &amp;01

**Saksnr.:** Utval  
27/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
25.10.2013

**Sak** 27/13

### **Justering av avtale mellom Sogn regionråd og Sogndal kommune**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek ny formulering i 5. ledd i avtalen med Sogndal kommune om drift av sekretariatet for Sogn regionråd:

Sogndal kommune har det formelle arbeidsgjevaransvaret. Det ligg til Sogn regionråd å gjennomføra årleg medarbeidersamtale og føreta lønsfastsetjing for dagleg leiar.

#### **Vedlegg:**

Avtale mellom Sogn regionråd og Sogndal kommune om drift av sekretariatet for Sogn regionråd

#### **Saksutgreiing:**

Sogn regionråd og Sogndal kommune har inngått avtale om drift av sekretariatet. I gjeldande avtale 5. ledd går det fram at Sogndal kommune har arbeidsgjevaransvaret og medarbeideroppfølginga overfor dagleg leiar.

I andre regionråd er det vanleg at regionrådsleiar, evt. saman med ordførar og rådmann står for medarbeideroppfølginga av dagleg leiar.

Eg ser det som fornuftig å gjera ei endring i samsvar med praksis andre stader. Sogndal kommune kan vera formell arbeidsgjevar, men representantar for Sogn regionråd kan gjennomføra årleg medarbeidersamtale, lønnsamtale og føreta lønnsfastsetjing. Dette er naturleg med tilvising til at dagleg leiar gjev tilrådingar direkte til Sogn regionråd og har ansvaret for gjennomføring av rådet sine vedtak. Løysinga har vore drøfta med dagleg leiar og ho finn løysinga tenleg.

Eit alternativ kan vera at Regionrådet i samband med budsjetthandsaming set av midlar til forhandlingar mellom Sogndal kommune og dagleg leiar. Men eg ser ikkje dette som ei fullgod løysing. Det er etter mi vurdering rett at Sogn regionråd tek ansvaret for lønsfastsetjinga.

## Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 13/3465

---

Arkiv: 033 &amp;85

**Saksnr.:** Utval  
28/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
25.10.2013

**Sak** 28/13

**Møteplan for 2014****Tilråding:**

Møteplan for 2014:

28. februar  
7. mai  
20. juni  
12. september  
31. oktober  
5. desember

**Saksutgreiing:**

Møtedagane er sett opp på fredagar, og med seks møte i løpet av året. Forslag til møtedagar og møtestader er:

28. februar, Aurland  
7. mai, Lærdal  
20. juni, Luster  
12. september, Årdal  
31. oktober, Leikanger  
5. desember, Balestrand

Aktuelle møtedatoar for interkommunale selskap er også lagt til fredagar: 25. april og 17. oktober.

Samordning av formannskaps- og kommunestyremøta til torsdagar har gjort det enklare å finna ledige møtedagar både for kommunane/regionrådet og for eksterne aktørar. Torsdagar som politiske møtedag for alle kommunane bør vidareførast.

Ordførarsamlinga bør leggjast til anna tidspunkt enn i tilknytting til regionrådsmøte.

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 13/266

---

Arkiv: 065

**Saksnr.:** Utval  
29/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
25.10.2013

**Sak** 29/13

### **Orienteringssaker 25. oktober 2013**

#### **Orienteringar og drøftingar**

1. Helsegruppa, næringsutviklings-/RUP-gruppa og samferdslegruppa
2. Rådmannsgruppa
3. Administrasjonen
4. «System for styrka læring» ved programleiar Claus Røynesdal og rådmann Steinar Sjøgaard.

#### **Skriv og meldingar**

Lokalisering av statleg valeining – brev av 30.9.2013



Kommunal- og regionaldepartementet

### Lokalisering av statleg valeining

Vi viser til informasjon om at konsekvensar for ulike lokaliseringalternativ for eventuell statleg valeining vert utgreidd. Sogn regionråd er samansett av åtte kommunar; Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sogn regionråd vil med dette gje støtte til at valeininga vert lokalisert til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) i Leikanger.

Saman med regionsenteret Sogndal - vel 20 minutt køyring frå Difi - utgjer Leikanger ei viktig næringsklyngje av offentlege tenester, forskings- og utviklingsmiljø og har mange kompetansebaserte arbeidsplassar. Kompetansemiljøet i Leikanger består av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, NAV Økonomiteneste, NAV Sogn og Fjordane, Skatteopplysningen, Innovasjon Norge, Statens vegvesen Region Vest og Vegavdeling Sogn og Fjordane. Regionsenteret Sogndal har eit stort miljø innan skule/utdanning, forskning, it og lang rekke kompetansebedrifter på Fosshaugane Campus med mange hundre tilsette.

Kompetansemiljøa i Leikanger er solide og rekrutterer godt. Det er god respons på stillingsutlysingar og søkjarane er jamt over godt kvalifiserte. Leikanger rekrutterer høgt kvalifiserte personar både dei med og utan tilknytting til regionen. Det er høg grad av stabilitet i arbeidskrafta.

Avdelingsdirektør Jostein Fondenes i avdeling it-drift og utvikling i Difi seier, på spørsmål frå regionrådet, at ei lokalisering i tilknytning til Difi Leikanger gjer at ein kan dra synergjar på it-drifts og sikkerheitsmiljø, -utviklingsmiljø, -forvaltningsmiljø og servicesenter med publikumsretta brukarstøtte. Avdelinga er i dag gjennom arbeidet med ID-porten i kontakt med dei fleste kommunar og har stor publikumskontakt. I tillegg ser han at ein del fellesfunksjonar i det nyoppussa og utvida Statens hus Leikanger kan nyttast i fellesskap.

Ei lokalisering i tilknytning til Difi vil dra synergjar på fellesfunksjonar i Statens hus Leikanger. Kommunen vil hjelpa til med å skaffa naudsynte lokale i umiddelbar nærleik til Difi.

Det er gode kommunikasjonar frå Leikanger. Næraste flyplass Sogndal lufthamn Haukåsen ligg med 45 minutt køyretid frå Leikanger. Etatane i Leikanger har velfungerande tilbringarteneste med drosje til og frå flyplassen. Flyplassen har eit godt rutetilbod med fleire direkte avgangar til Oslo og Bergen. Direkte fly tek 45 minutt til Oslo.

Moglegheitene for å trekka til seg kompetent arbeidskraft vil også mellom anna vera avhengig av tenestetilbod og fritidstilbod i kommunen. Leikanger skårer høgt på ”godt å bu-kåringar” og helse- og utdanningsmålingar - på siste Kommunebarometer kom Leikanger som nr 4 av alle landets kommunar. Kommunen har god kvalitet på barnehage- og grunnskuletilbodet. Kommunane i indre Sogn utgjer ein felles bu-, service- og arbeidsmarknadsregion. Regionsenteret Sogndal er utdanningssenteret og har fylket sin største vidaregåande skule. Med høgskule og folkehøgskule også i Sogndal er skuletilbodet i regionen særst breitt og godt. Kommunen er i gang med fleire bustadprosjekt. Det er eit godt idrettstilbod og yrande organisasjonsliv i kommunen og ein aktiv interkommunal kulturskule.

Kommunane i Sogn meiner det ligg godt til rette for å leggja ei sentral valeining til Leikanger med nærleik til fagmiljø med juridisk og it-kompetanse og med gode høve til å rekruttera godt kvalifisert arbeidskraft.

Sogn regionråd støttar opp om at statleg valeining vert lokalisert til Leikanger. Vi stiller gjerne til eit møte for å orientera om våre synspunkt og vurderingar.

Med helsing

Noralv Distad  
leiar  
(sign)

Karina Nerland  
dagleg leiar  
(sign)